



Nynorsk kultursentrum

Mediemangfaldutvalet
Kulturdepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 412-286 OG

Hovdebygda, 1. juni 2016

Språklege perspektiv på mediemangfald

Mediemangfaldutvalet er minst det sjuande offentlege utvalet som utgreier mediefaglege og mediepolitiske spørsmål i vid forstand. Dei seks utvala som arbeidde med slike spørsmål mellom 1967 og 2010, hadde alle det til felles at det språklege perspektivet mangla. Vi har gode voner om at det blir annleis denne gongen.

Nynorsk kultursentrum har arbeidd mykje med mediepolitiske spørsmål i eit språkfagleg og språkpolitisk perspektiv. Dels har vi dokumentert, dels analysert, dels forma tiltak som kan fremje visse mål. Dette vonar vi kan vere til nytte for utvalet, med eventuelle utdjupingar og særstudiar.

Med den omfattande publikasjonen *Språkfakta 2015* er bruken av dei to norske språka nynorsk og bokmål truleg betre dokumentert enn dei fleste språka i verda. Verket inneheld kapittel om radio og tv, bøker, presse og digitale tenester, dessutan meir overordna stoff. Vi samlar mest mogleg av det som finst av pålitelege harddata, supplert med meir kuriøs dokumentasjon som elles kunne gå tapt eller bli gløymd. Alt er fritt tilgjengeleg på http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/. I tillegg til mange tabellar er alt materialet kommentert. Med 867 tabellar i alt var det likevel ikkje mogleg å gå grundig inn i alle sider av dette materialet.

Etter det vi kjenner til, er dette den einaste systematiske dokumentasjonen over tid der *avisar* blir sorterte etter redaksjonelt språk. Til no har vi gjort det berre for papiravisene. Det har vore vanskeleg å finne slike konsistente tal for alle aktuelle avisar, og vi har nok – kanskje med urett – vore noko tvilande til grunnlaget for tala.

For radio og tv har vi ganske komplette tal for NRK gjennom mange tiår. For andre kringkastarar er det berre sporadiske tal å finne.

Kapitlet om bøker treng ei oppdatering, men då dette blei redigert i 2015, var det vanskeleg å få ut data frå Bibsys og andre kjelder av di systema var under omlegging.

Mest fragmentert er kapitlet om digitale medium og tenester. Vi har sjølv frå 1997 kartlagt bruken av nynorsk og bokmål på Internett, men metoden treng nok ein revisjon. Jamført med dokumentasjon på internasjonalt nivå i kapittel 1 og 2 kan det likevel vere noko å hente.

Historia om nynorskpressa 1860–2010 er elles framstilt i Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg*, 2010. Utdrag av denne framstillinga utgjer to kapittel i firebandsverket *Norsk*



presses historie, 2010. Normative drøftingar av kva ein bør gjere, er å finne i Ottar Grepstad: *Draumen om målet*, 2012, ei samling av 12 årstalar om tilstanden for nynorsk skriftkultur.

Styret i Nynorsk kultursentrum har dei siste fem åra gitt seks høyringsfråsegner om mediepolitikk og mediemangfald:

- NOU 2010:14 Innstilling frå mediestøtteutvalet, 2011
- Språk- og litteraturpolitikk i bokbransjen, 2012
- Framlegg til boklov, 2013
- Støtteordning for vekepresse, 2014
- NRK-plakaten, 2014
- Støtteordning for vekepresse, 2015

Frå og med 2010 har vi på oppdrag frå Kulturdepartementet forvalta Vinje-fondet, ei støtteordning for meir nynorsk i pressa. Til og med 2015 hadde vi løyvt 3,6 millionar til 13 prosjekt.

Den raude tråden i desse fråsegnene er prinsippet nynorsk, slik dette blei etablert i språkmeldinga *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Ein heilskapleg språkpolitikk* i 2008, og som eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg til i 2009. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med der norsk språk blir tematisert, og at det skal grunnigvass viss omsynet til nynorsk ikkje er relevant. Vi ser det slik at mediemangfald er eit slikt felt.

Representantar for Nynorsk kultursentrum møter gjerne utvalet for å drøfte relevante problemstillingar og det vidare arbeidet med det.

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Lodve Solholm (s)
styreleiar


Ottar Grepstad
direktør